



Høyanger kommune

Politisk sekretariat

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep

0030 OSLO

Saksnr.
2009/116

Arkivkode
G10

Løpenr.
9170/2010

Saksbeh.
RIF

Dato
21.12.2010

Ny folkehelselov - høyringsuttale

Høyanger kommune har vedteke å gje følgjande uttale til framlegg til ny folkehelselov:

Høyanger kommune stiller seg generelt positive til forslaget om ny folkehelselov. Det er bra at folkehelsearbeidet blir konkretisert og tydeleggjort gjennom lovkrav.

Erfaring gjennom fleire år med partnerskapsavtale om folkehelsearbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune har vist oss at det er ei stor utfordring å oppnå det tverrsektorielle ansvaret for folkehelsearbeidet i kommunen. Dette vil nok fremdeles vere ei av dei største utfordringane. Kompetanseoppbygging innafor feltet er difor heilt nødvendig for alle sektorar i kommunen. Dette forventar kommunen at det blir lagt ein systematisk plan for og gjennomført som oppfølging av lova.

Dersom kommunane skal innfri lovkrava til systematisk miljøretta arbeid, tilsyn og m.a. meir utadretta arbeid t.d. innafor frisklivssenter og liknande er det heilt nødvendig med auka ressursbruk. I lys av det er det påfallande at det einaste kravet til ressurs som er lagt inn i lovforslaget er samfunnsmedisinsk kompetanse med krav om å tilsette ein kommunelege med slik kompetanse.

Praksis og erfaring i dag er at hovudtynga av kommunen sitt førebyggjande og helsefremjande arbeid er lagt til- og blir gjort av anna helsepersonell enn legetenesta, t.d. helsesøstertenesta og m.a. fysikalsk avdeling. Desse har også kompetanse innafor feltet folkehelse. Begge vil vere viktige aktorar i folkehelsearbeidet og nødvendig å styrke for å auke innsatsen i folkehelsearbeidet.

Kommunen meiner det er viktig å ha ein folkehelsekoordinator. Slik det er i dag, har folkehelsekoordinatorane svært ulik bakgrunn og tilsvarende ulik grunnlagskunnskap om folkehelsearbeidet. Stillinga skal femne om eit stort og sektorovergripande ansvarsområde og koordinere folkehelsearbeidet i forhold til mange ulike fagområde. Dersom stillinga skal vere ein ressurs for kommunen, må det stillast krav om grunnleggjande kunnskap innafor fagfeltet.

Postadresse:
Postboks 159
6991 HØYANGER

Besøksadresse:
Aug. Gunnarskogsgt. 1
6993 HØYANGER


Telefon:
57711550

Telefaks:
57711551

Bankkonto:
3720 12 79764
Org.nr. 944439838

Det kan sjå ut som folkehelselova vil krevje auke i ressursbruken for å oppfylle lovkrava, og kommunen forventar at det blir lagt inn økonomiske ressursar for å løyve oppgåvene.

Med helsing

A handwritten signature in black ink, appearing to read 'Rita T. Flaten'.

Rita T. Flaten
politisk sekretær